



Sund Sokneblad

Nr. 5
31. oktober 2018
Årg. 87

Stjernekoeret song på Hausttakkefesten



På hausttakkefesten i Sund kyrkje 30. september fekk vi møta Stjernekoeret slik det ser ut denne hausten, ei fin gruppe born mellom 4 og 9 år. Dei song fleire fine singlar. Elles var denne søndagen ei markering av takk for det vi kan hausta kvart år.

side 4

Misjonsalliansen

Kyrkjelyden i Sund støttar Misjonsalliansen med pengar. På sistesida kan du sjå litt om korleis Misjonsalliansen sitt arbeid går.

Sistesida

Nye konfirmantar

I første del av september vart det nye kullet med konfirmantar presenterte i Kausland og Sund kyrkjer. Arbeidet er dermed i full gong med å førebu dei til konfirmasjon til våren.

side 11

Johannes Kleppevik

Johannes Kleppevik stod i sentrum då Vivian Steinsland besøkte føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus siste onsdagen i september. Ho song mange av songane hans og fortalde litt om livet hans.

side 5

Bønevandring

Søndag 7. oktober var det bønevandringsgudsteneste i Kausland kyrkje, ei gudsteneste då kyrkjelyden på eit visst tidspunkt i gudstenesta kunne vandra rundt til ulike stasjonar i kyrkja.

side 9

Lovsong

I september og oktober har det vore både lovsongskveld og songgudsteneste i Sund kyrkje.

side 8 og 10

Pastoralt perspektiv

Nye Øygarden – kva no?

1. januar 2020 er nye Øygarden kommune ein realitet. Dermed må fellestråda i noverande Fjell, Sund og Øygarden kommunar hengja på og slå seg saman til Øygarden kyrkjelege fellestråd. Dei noverande sokna (Sund, Øygarden, Fjell, Landro og Foldnes) består som idag!

Men fellestrådsfunksjonen (t.d. økonomi, personellansvar, bygg og anlegg) blir altså samla slik lovverket krev når det skjer ei kommunesamanslåing.

Kva blir nytt?

Ingenting er vedteke enno, men prosjektleiinga for nye Øygarden kyrkjelege fellestråd legg i desse dagar fram forslag til lokalisering og organisering...

Og det som i alle fall er sikkert er at det ikkje blir som før! Administrasjonen vert truleg samla på Straume, og dei noverande kyrkjekontora blir ikkje betjente på same måte som i dag. Det vert framleis mogleg å møte prest og andre medarbeidarar lokalt (kyrkjekjellaren i Sund kyrkje), men administrative spørsmål må rettast til sentraladministrasjonen via telefon og e-post.

Når ting endrar seg, blir vi ofte bekymra og tenkjer på kva vi har mista. Det er menneskeleg og naturleg! Men vi kan også snu på flisa og tenkja: Sund sokn består! Vi er fortsatt sund-sokningar! Og dermed skal vi bretta opp armene og halda fram med å byggja kyrkjelyden vår her i Sund sokn! Det vi vil skal skje lokalt må vi sjølve ta ansvar for og arbeida fram...

Og det er ingen grunn til å venta til 2020! Lat oss no, først som sist tenkja over kva vi vil skal skje i Sund sokn... Og då har ALLE noko å bidra med, på ulike felt og på ulike måtar!

Lat oss bl.a. halda fram med vår-marknad og julemesse, slik at vi har midlar til å styrkja arbeidet vårt lokalt...

Og så skal vi også øva oss i å vera ilag med våre «nye» vener i nye Øygarden. Det trur eg blir berikande og inspirerande!

Gud velsigne arbeidet i nye Øygarden kyrkjelege fellestråd!

Kjell-Asle Børnes

Ny kyrkjeordning på høyring

Kulturdepartementet sende hausten 2017 ut eit framlegg til trussamfunnslov for alle trus- og livssynssamfunn i Noreg, medrekna Den norske kyrkja. Venteleg skal Stortinget handsame denne lova våren 2019.

Med forslaget om ny trussamfunnslov følger også at kyrkjelova ikkje lenger skal gjelde. I dag regulerer kyrkjelova dei viktigaste myndighetsforholda innafor Den norske kyrkja. Kyrkjerådet sender no ut eit forslag til føresegnar som skal erstatta kyrkjelova når denne blir oppheva. Det er ikkje meininga at desse føresegnene skal føre til endringar av dei ordningane ein har i dag. Forslaget til trussamfunnslov føreset at kyrkja sjølv gjev nærare reglar i ei kyrkjeordning som blir fastsett av Kyrkjemøtet.

Frist for å gi høyringsuttale er sett til 15. desember 2018. Sokneråd og fellestråd gir uttale.

Olav Martin Vik, kyrkjeverje

Velkomen til gudsteneste

04. november – Allehelgensdag – Matt 5,13-16

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Nattverd.

*Vi minnest og tenner lys for dei som er gravlagde sidan sist
Allehelgensdag.*

Takkoffer: Kirkens SOS

Song: Arianah Suzanne C. Viken

11. november – 25. søndag i treeiningstida – Matt 14,22-34

SUND kyrkje kl 18:00 *Bønevandrings*-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd.

Takkoffer: Stefanusalliansen.

Song: Tove Solvang

18. november – 26. søn. i treeiningstida – Joh 9,1-7.35b-38

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

25. november – Kristi Kongedag – Matt 25,1-13

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Basecamp (Sartor)

SØNDAGSSKULE!

02. desember – 1. søndag i adventstida – Matt 21,10-17

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. Dåp.

LysVaken deltek.

Takkoffer: Stjerneketet/Betweensketet

09. desember - 2. søndag i adventstida – Joh 16,21-24

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 56 33 94 27

Vi har starta strikkekafé i Sund kyrkje



Strikkekafeen møtest i Sund kyrkje annakvar tysdag. Foto: Tove Solvang.

Vi er veldig glade for at vi har fått til eit nytt tilbod i Sund kyrkje i haust. Annakvar tysdag er Sund kyrkje open frå 1730 til 1930. Første gongen vi hadde strikkekafé var 10. september, og vi har vore samla tre tysdagar hittil i haust.

På dei tre gongene har det vore innom om lag 50 personar til saman. Praten går om laust

og fast, det gjer godt med ein kaffikopp når ein kjenner litt på ettermiddagstrøttheit. Kjekt å vere i lag, og kjekt å gjere noko i lag. Konseptet er enkelt. Vi stiller med tre faste frivillige, Tone, Ivar og Turid. Dei stiller med kaffi og te og enkel servering. Vi har òg ein viss kompetanse på handarbeid, og rikeleg med

garn, oppskrifter og strikke-mønster.

Her kan alle som vil, kome innom i løpet av dei to timane. Aktiviteten som foregår, er som det kjem av namnet, først og fremst strikking.

Men det er heilt ope for andre aktivitetar òg. Ivar er eit godt døme på det, med fletting/knytning av matter, fletting

av nøkkelhankar, oppheng til nydelege garnkuler med lys i. Kreativiteten har ikkje grenser...

For andre, som til dømes underteikna, går det i litt mindre kreativitet. Eg er svært nøgd med å lære meg å strikke vaskeklut til bruk på kjøkkenet. Nokre har med sitt eige strikkesett, og strikkar til seg sjølv. Andre er med og strikkar gevinstar til julemessa som skal vere laurdag 17. november i Kyrkjellaren i Sund. Nokre er glad for å ta ein kopp kaffi og ein kakebit, medan dei ventar på borna sine som er på Stjernekor- eller Betweenkorøving inne i kyrkjerommet.

Det har vore ei god blanding av foreldre og besteforeldre som følgjer på korøving og folk frå bygdene våre, som gjerne har lest om tilbodet på Sund sokn si facebookside. I haust blir det to kveldar til før julemessa, 30. oktober og 13. november. Vi startar òg opp igjen etter jul, med strikkekafé på tysdagar kl 1730 til 1930. Tysdag er blitt ein fast samlingsdag for mange i Sund kyrkje, i tillegg til søndagen som kyrkjedag.

Den første tysdagen i måna-den er det myldredag for heile familien med middag klokka 17.00, og det held på med andakt, aktivitetar, og samling fram til kl 19.00. Den andre tysdagen og fjerde tysdagen i månaden er det Stjernekorøving for dei minste kl 1730-1830 og Betweenkorøving frå 1830 til 1930. Og desse to timane har vi no òg tilbod om strikkekafé. Den tredje tysdagen i månaden er det ein god gjeng som samlast til Betweenklubb frå 1730 til 1930, med felles kveldsmat, andakt, aktivitetar og leikar og god prat.

Håpar vi treffest på strikkekafé i løpet av hausten og etter jul... Følg med på Sund sokn si Facebookside og nettsida vår kyrkja.no/sund for konkrete datoar.

Borghild Hustad Berge

Julemesse i Kyrkjekjellaren

Den tradisjonelle julemessa og basaren i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje blir laurdag 17.11. kl. 12.00.

Inntekta går til **nytt sanganlegg** for Sund kyrkje. Høgtalaranlegget er frå kyrkja var ny i 1997, mykje har endra seg på lydfronten sidan den tid. Så når vi no skal ha oss sanganlegg, ser vi at det kan vere aktuelt å investere i eit kombinert anlegg.

Barnekora våre (Stjernekorret og Betweenkorret) gler seg til at anlegget er på plass, og stiller opp til glede for oss alle denne dagen.

På julemessa får du kjøpt diverse produkt du kanskje har bruk for, t.d. noko som er baka, sylta, strikka, knytta,

sydd eller snikra.

Mange nyttar høvet til å sikre seg **julebakst** eller **julegåver** denne dagen.

Kafeen har **risengrynsgraut** og gode kaker.

Barna har eigen **tombola**.

Vi har begynt med sal på **loddbøkene** og kjem til å selje lodd på Sund senter 8.-10. november. Gevinstane omfattar strikkeprodukt for små og store, krabbeteine og fjordgarn for fiskarane, kjøkkenprodukt og utstyr til huset for alle, og ei babyvogge med utstyr for dei som treng det. Det blir to rundar med

åresal (tradisjonelle tre-årar) og trekking av bøkene.

Dette er eit fellesprosjekt for at vi skal få noko til, og viss mange gjer litt, kan vi få mykje til.

Vi er takksame for alle typar **bidrag**, gevinstar, hjelp til loddsal, praktisk hjelp til arrangementet, og kjøp av lodd.

Viss du vil vere med på noko av dette, så gje ei melding til kyrkjekontoret.

Alle er velkomne til:
KYRKJEKJELLAREN i Sund
LAURDAG 17.11. KL. 12.00

Hausttakkefest

Kvar haust har det vore vanleg å ha ein hausttakkefest i kyrkja for å markera takksemd over det vi kan hausta inn av frukt og grønnsaker kvar haust. I år vart denne hausttakkefesten markert i Sund kyrkje 30. september.

Det som høyrer med på ein hausttakkefest er at nokon tar med seg ei korg eller liknande med frukt eller grønnsaker i. I år var det mange som hadde gjort dette, og alt vart plassert framfor altaret.

Etter kvart i gudstenesta måtte ein flytta litt på alle korgene, for Stjernekorset skulle fram og syngja. Det var ei ganske stor gruppe som utgjorde Stjernekorset denne hausten, og dei gleda kyrkjelyden med fleire fine songar.

På kyrkjekaffien etter gudstgenesta var det høve til å kjøpe noko av den frukta og grønnsakene som hadde vore stillt ut, og mykje av det forsvann. Inntekta gjekk saman med takkofferet til Kirkens bymisjon.

Olai Otterå



Mange korgar med frukt og grønnsaker samla framme ved altaret som døme på det vi har å takka for på ein hausttakkefest.



Stjernekorset utgjorde ei stor gruppe som song nokre fine songar for kyrkjelyden.

Vivian Steinsland song og fortalde om Johannes Kleppevik



Trekkspelet var med då Vivian Steinsland song Johannes Kleppevik-songar.



For første gong optrådte Vivian Steinsland med å spela på piano, ein song som Johannes Kleppevik sjølv hadde lært henne å spela.

Vivian Steinsland var gjest på Føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus 26. september. Temaet hennar var «Johannes Kleppevik - tekstar med humor og alvor».

Som ung trefte Vivian Johannes Kleppevik mange gonger, for han var ofte heime i stova deira og snakka med faren hennar og spela saman med han.

På Føremiddagstreffet var det ekstra mange som kom for å høyra Vivian syngja songane til Johannes. Mange av songane var mellom dei vi kjenner så godt medan andre ikkje var like godt kjende.

I songen «Daddy» mintest Johannes faren, som døde ung. Han såg i si tid «Vatlestrauen» kome inn med kista til faren.

Vivian meinte Johannes heidra forfedrane våre på ein fin måte, også kvinnene, som t.d. i «Kystkvinna» (dette er mor mi sin song, skreiv Johannes).

Vivian Steinsland song fleire av desse og andre songar. Gitaren hadde ho sjølvsagt med, den brukar ho jo ofte når ho opptrer. Men ho hadde òg med seg eit trekkspel som ho òg brukte. På ein av songane spela ho jamvel på pianoet, noko ho aldri før hadde gjort når ho hadde opptrådd. Denne gongen gjorde ho det for første gong då ho song ein song som ho og Johannes hadde sunge ein gong han var på Stranda skule medan Vivian var elev der som 12-åring. Johannes hadde spurt: - Vivian, blir du med og syng?

Og Vivian blei med, og songen «Tar du med ei helsing» hadde han òg lært henne å spela på piano, så difor spela ho piano til på Føremiddagstreffet.

Johannes Kleppevik likte godt country-songar, og han var fleire gonger i Amerika, både som sjømann og som artist.

Ein song som Vivian Steinsland sjølv likte godt, var «Min dagdraum», som ikkje er mellom dei mest kjende, men som ho synest er ein nydeleg song.

Då ho kom til «Vårwise i naustet» trekte ho fram trekkspelet. Dette var ein song ho for ikkje lenge sidan hadde sunge i Hosanger kyrkje, og ho hadde òg sunge han i faren si gravferd.

Farmora hadde snakka mykje om englar og gjeve Vivian hennar forhold til kyrkja, og dette har òg Johannes Kleppevik skrive om i «Eg har ein engel med meg på vegen».

Det vart ei fin stund saman med Vivian Steinsland då ho song mange av songane til Johannes Kleppevik og fortalde litt om livet hans. - Han var ein makalaus muskar, slo Vivian fast, og det var det vel ingen i Kausland kyrkjelydshus som var usamde i.

Vivian Steinsland sin opptreden danna slutten på føremiddagstreffet denne onsdagen, for som vanleg er første delen av Føremiddagstreffet alltid ein felles lunsj med masse god mat.

Olai Otterå



Vivian Steinsland i kjent stil.



Ung vaksen i Sund?

Vi er i gang med HELT!!

Samlingar på torsdagskveldar,
frå 16 år og oppover.

Vi møtest i kyrkja – annakvar veke
Kausland og Klokkarvik –
til matlaging, prat, bordtennis
og mykje anna gøy!

Vi får også bli kjent med spennande
kvinner og menn frå Bibelen.

Bli med! Vi vil gjerne bli fleire!

Dei neste to samlingane:

1. nov. kl. 19.00-21.30 i Kausland kyrkje

8. nov. kl. 19.00-21.30 i Sund kyrkje

Spørsmål?

Ta kontakt med

Dag Pettersen

47707952

Den kvite Allehelgensdagen

På Allehelgensdagen minnest vi dei som har gått forran oss. Det er sårt å ha mista dei, og vi er mange som kjenner på savnet og klumpen i halsen. Og dermed skulle vi kanskje tru at Allehelgensdagen er kledd i den lilla sørge-fargen?

Men slik er det ikkje. Denne dagen er tvert imot kledd i *kvitt*: Fest og jubelfargen!

Kvifor er det slik? Jau, fordi vi får høyra om den store kvite flokken som er så stor at ingen kan telja den!

I sitt veldige syn får evangelisten Johannes sjå inn i sjølvaste himmelen (Op 7).

Der ser han ein jublande flokk i kvite klede. Og han får høyra at dette er dei som har vaska kleda sine og gjort dei kvite i blodet frå Lammet. (v.14)

M.a.o: Det er flokken av *tilgitte syndarar* han ser. Og dette er det *første* teiknet på ein *helgen*!

For: Ein helgen er ein som satsar på Jesus og nåden.

Verken meir eller mindre er det som skal til for å bli ein del av den store kvite flokken.

Men nettopp det å satsa på Jesus og vera i følgje med han – innebærer også å vera *lys* og *salt* i verden!

Det blir vi *også* minna om på Allehelgensdagen. I følgje med Jesus skal vi få vera *lysberarar* for dei som famlar i mørket.

Og vi skal også få vera *salt* som framhevar smaken av Guds himmel og Guds rike på jord.

M.a.o: Vi skal få leva nær Gud, og nær mennesker. *Det er også eit helgen-teikn!*

Dette er teikn på at vi er der *Gud* er, og der Gud så gjerne *vil* vera – han som gav avkall på sitt eige og tok på seg ein *tenars* skapnad.

Andakten

Dermed handlar ikkje Allehelgensdagen berre om dei som har gått foran oss.

Han handlar også om oss som seiler vidare på livets hav!

Og på den seilassen kallar Jesus oss til å vera berarar av Guds grenselause og betingelseslause nåde og kjærleik i verden.

Salige, altså: *Lukkelege* er dei som har tatt imot denne gáva, seier Jesus. Himmelen er deira!

Dermed er det *håpet* og *jubelen* som omkransar Allehelgensdagen – sjølv om vi ikkje kjem utanom savnet og klumpen i halsen...

Kjell-Asle Børnes

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en
tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

Samanslåinga er i rute



Tilsette frå Fjell, Sund og Øygarden, prost og prestar, er på fellessamling i Fjell kyrkje. Tema rundt borda er visjon og verdiar.

Om vel 1 år, 1.12.2019, skal dei kyrkjelege fellesråda vere slått saman til eitt fellesråd. Det skjer 1 måned før kommunane vert slått saman. Det er lagt opp til ei overgangsordning i desember 2019. Samanslåingsarbeidet som kyrkja driv er i rute, takka vere godt medarbeiderskap.

I alle hovudsak er ein i rute med arbeidet, men etter kvart som alle detaljar og formalitetar skal på plass kan ein rekne med forseinkingar i høve til det som er planlagt.

Om kyrkjeleg fellesråd

Lurer du på kva eit kyrkjeleg fellesråd er for noko, så er det eit lovfesta organ som er eit slags overbygg på vegne av sokneråda. Fellesrådet har ansvar for tilsette, kyrkjer og gravplassar. Fellesrådsrområdet følgjer kommunegrensa og følgjer med på lasset når kommunane slår seg saman.

Sokna består

Sokn på tvers av dei gamle kommunegrensene vert ikkje slått saman. I Øygarden har det vore historisk to sokn og to sokneråd. Det er bestemt at gamle Øygarden frå 2019 (etter

kyrkjevalet) vert eitt sokn. Det skjer altså ei samanslåing lokalt. Det har i mange år vore eit såkalla samanslått sokneråd i Øygarden så sokna har på ein måte vore samanslått.

Lokalisering og organisering

Korleis ein skal organisere den nye staben (dei kyrkjeleg tilsette) og kvar ein skal halde til vert gjort vedtak om ved årsskiftet. Dette vil avhenge av kva som er tenleg og kor mykje pengar det nye fellesrådet får til rådvelde. Løna verksemd og drift av kyrkjer og gravplassar krev pengar. Denne ramma er enno ikkje kjent.

Medverknad og kulturbygging

Medverknad og kulturbygging er viktig i samanslåingsarbeidet. Det er ei fellessamling kvar måned framover. I tillegg har ein arbeidsgrupper på tvers av fellesrådsgrensene. Det er viktig å byggja ein felles kultur. Det vert også arbeida med visjon og verdiar for det nye fellesrådet.

Det er krevjande å arbeide med samanslåinga samtstundes som dagleg drift og arbeid skal

gå som normalt. Medarbeidarane er flinke til å organisere dagane.

Olav Martin Vik

Myldredag

- for heile familien, besteforeldre også.

Klokka 17.00-19.00

Middag – bibelfortelling – aktivitetar – fellesskap

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

6. november
4. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

14. november

Ta med familien og kom, eller kom åleine.

SUND KYRKJE
9 November
kl.18.00

NÅR GRIEG
OG BRAHMS
MÖTES

FIOLIN, KLARINETT
og piano (2/4-
HENDIG)

KOLLEKT VED UTGANGEN



Lovsongskveld i Sund kyrkje

Forsongarar på lovsongskvelden var Hildegunn Børnes Myklebust, Åsgeir Litlere og Borghild Hustad Berge. I bakgrunnen spelar Martin Børnes på gitar.

Søndag 23. september var det lovsongskveld i Sund kyrkje med mange songar på programmet, med Torgeir Børnes ved flygelet og Hildegunn Børnes Myklebust, Åsgeir Litlere og Borghild Hustad Berge som forsongarar. Betweeneskoret var òg med.

Som vanleg på desse kveldane vart alle songtekstane viste på veggen. Det gjorde det godt mogleg å syngja med, sjølv om alle songane ikkje var like godt kjende for alle.

Det starta med «Get together/Kom

saman» før Gerd Tyse Nygård ønskte velkomen. Så vart det meir song. «Halleluja, opphøy Jesus», «O Jesus du som fyller alt i alle», «Stor er din trofasthet» og «Vær meg nær o Gud» var nokre av dei. Mellom desse var Betweeneskoret framme støtta av eit par vaksne med eit par songar.

Anette Børnes stod for andakten denne kvelden. Ho snakka om at det går opp og ned i liva våre og teikna dette opp på ein flipover. Kva er oppoverbakke? Det som er litt slitsamt, vanskeleg. Kva

er nedoverbakken? Det som er godt i liva våre. - Men vi har med oss Jesus. Han kjem ned til oss uansett korleis livet vårt er, sa ho. - Både oppover og nedover kan vi støyte på ein skatt som ligg framfor og som vi ikkje veit kva er på førehand. På oppfordring frå henne song Betweeneskoret «Drømmen» om igjen.

Kvelden blei avslutta med eit felles kveldsmåltid bak i kyrkjelydssalen.

Olai Otterå



Betweeneskoret song på Lovsongskvelden.



Anette Børnes heldt andakten denne kvelden.

Bønevandringsgudsteneste

Ei bønevandringsgudsteneste er i utgangspunktet ei vanleg gudsteneste. Det uvanlege skjedde etter kunngjeringane. Då kunne kyrkjelyden vandra rundt i Kausland kyrkje og gå innom ulike stasjonar som var sette opp.

Bak i lokalet var det sett opp eit bord der det var plassert ei skål. Her kunne folk gå og skrive på ein bønelapp som dei kunne leggja opp i skåla. Etter bønevandringa vart denne skåla boren fram til altaret der presten løfta fram skal for Gud i ei enkel bøn: «Kjære Gud, takk for at du er her! Vi løftar denne bønekorga fram for deg. Kom til oss med din nåde, lækjedom og fred. Amen.»

Ein ein annan stasjon var lysglober. Her kunne ein tenna eit lys. Mange gjorde det.

Ved sida av lysgloben kunne ein leggja ein stein ved krossen som var sett opp der. Dette skulle vera ei symbolsk handling der ein legg problema sine over på Gud.

Ein kunne òg nytta høvet til å gå rundt altaret og gje eit takkoffer til NLA. Eller ein kunne sitja i benkane i stille bøn.

Det var såleis litt aktivitet på dette tidspunktet i bønevandringsgudstenesta i Kausland kyrkje. Elles i gudstenesta var det òg høve til å lytta til vakkert klarinettspel av Pavel Girunyan.

Og etterpå var det kyrkjekaffi i Kyrkje-lydshuset.

Olai Otterå



Pavel Girunyan spela fleire melodiar på klarinett.



Fleire bønelappar hamna i korga. Etter bønevandringa vart korga bedd for.



Mange la ned ein stein ved krossen som symbol på ei bør dei ville leggja frå seg.



Det vart etter kvart tent mange lys i lysgloben.

Songgudsteneste

Det vart ekstra mykje song i Sund kyrkje då det vart skipa til songgudsteneste der søndag 14. oktober. Det spesielle med gudstenesta var at det vart sunge fleire salmar enn det som er vanleg i ei gudsteneste. I staden for at det blir sunge ein salme mellom verbale innslag, vart det no gjerne sunge to salmar.

Forsangar var Borghild Hustad Berge som leia kyrkjelyden gjennom dei ulike songane og salmane. Men ho hadde òg soloinnslag. Etter dåpen song ho såleis ein song til dåpsborna, ein song ho minst godt frå sin eigen barndom: «Jesus er kongen min».

Barnedåpen var forresten litt uvanleg. For det er ikkje så ofte at det er tvillingar som vert døypte, men det skjedde altså denne søndagen då Maya og Ludvig Økland Samland vart borne fram til døypefonten..

Det var Melissa Horn som sat ved orgelet og flygelet denne søndagen.

Etter gudstenesta var det (som vanleg) kyrkjekaffi etter gudstenesta der mange nytta høvet til å få seg ein kopp kaffi (eller eit glas saft) og noko godt å bita i medan ein prata med nokre av dei andre som hadde funne vegen til Sund kyrkje.

Olai Otterå



Borghild song for dåpsborna «Jesus er kongen min», ein song ho minst frå sin eigen barndom.



Borghild Hustad Berge var både forsangar og hadde soloinnslag under songgudstenesta, og ho hadde hjelp av Melissa Hope på flygelet.



Ein sjeldan gong blir tvillingar døypte i Sund kyrkje. Under songgudstenesta skjedde det då Ludvig og Maya Økland Samland vart døypte.

Dei nye konfirmantane i ytre og indre Sund

Dei nye konfirmantane i Sund vart presenterte i Kausland og Sund kyrkjer søndagane 9. og 16. september. Samstundes fekk dei utdelt kvar si utgåve av Luthers vesle katekisme, som skal vera pensum dette året for konfirmantane.



Konfirmantane i ytre Sund:

Adrian Marcus Mortensen, Aleksander Krog, Amilia Erstad, Asbjørn Fjeldstad Glesnes, Aurora Ryland Erichsen, Christian Hammersland, Dennis Lunde, Emma Telle Fjell, Hans-Magnus Golten Pettersen, Hermine Lovise Finnkirk, Håvard Mikal

Vetås Vorland, Jonas Eide Bildøy, Julie Hitsøy Ramsland, Justin Alain Busomoke, Karsten Junior Østervold Høyland, Knut Aleksander Føleide Johannessen, Kristoffer Sand Soltvedt, Madeleine Vestheim Glesnes, Marius Kallestad, Marius Steinsland, Martin Ekren Høvik, Mathias

Yung Stubbsve Kausland, Ole Andre Blikberg, Oliver Kohan Kausland, Regine Husa Skoge, Sandra Eriksen, Silje Drazdiak Tyborg, Sondre Stikholmen, Susanne Toft, Tiril Forland Glesnes, Vegard Sørлие Krogsether, Vincent Nikolai Toft, Stine Helen Ekerhovd.



Konfirmantane i indre Sund:

Astrid Klepsvik, Cecilie Johannesen, Elise Glesnes Scott, Emma Forland, Emil Thormodsen Høyland, Gabrielle Hammersland Kleppevik, Helene Blomvågnes Pedersen, Herman Ågotnes, Ida Veka, Ingrid Sandtorv Juliussen, Jennie Zhi Dalseide,

Joakim Kalstad, Julie Sangolt, Magnus Kronendorfer, Maiken Guo, uan Tysøy Hillestad, Malene Ulvøen Forland, Maria Louisa Nekkøy, Maria-Mathilde Eikeseth, Marie Serine Johannessen, Marius Kleppe, Mathilde Forland, Oliver Vangnes Hammersland, Peter Ringheim Thuestad,

Sarah Stormark Moldøen, Sondre Førde Landro, Steffen Pedersen Ekren, Thea Hammersland Løtvedt, Tobias Fredheim Kleppe, Trygve Berntsen, Trygve Berge, Victoria Isabell Vågenes, William Andre Giskegerde.

Likar du å synge??

Vil du bli med i kor?

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag.

Stjernekor

er for deg som er mellom 4 og 9 år.
Vi møtest klokka 17.30 - 18.30.

Betweenkor

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

13. og 27. november
11. desember

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram utover hausten med ein ny gjest kvar gong. Som vanleg er det først ein felles lunsj før gjesten får sleppa til med temaet sitt.

31.10 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Gunnar Ferstad

Tema: Far min, Olav Ferstad, lærar og kvardagskristen

28.11 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: Kvar vart det av «herberget»?

Onsdags- treffa

Onsdagstreffa i Aktivitetssenteret i Skogsskiftet held fram utover hausten med møte den første onsdagen i månaden **kl. 11.00**. To møte att.

Onsdag 7. nov.
Onsdag 5. des.

Between-klubben

– er frå 4. klasse og oppover:

Vi møtest

20. november

i Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje, frå klokka 17.30 til 19.30.

- Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman.
- Du og venene dine er velkommen til å bli med!

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**



**Sund Senter
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01



Bli med og syng
julesanger i ny drakt

JULEPROSJEKT-KOR

Øving:

Sund kyrkje i november
- avtalt etter påmelding

Framføring:

Vi syng jula inn
Kausland kyrkje 16. desember kl 18.00

Påmelding:

E-post: irina.piano.84@gmail.com
Sms: 47450606

JULEKONSERT

i Sund Kyrkje
måndag 10.12 kl 19.00

Sund Blandakor –
dir. Ann Jorun Hillersøy,
piano Torgeir Børnes

Gjestemusikantar:

- Sund Brass – dir. Finn Christian Larsen
- Sund Toraderklubb – musikalsk leiar Silje Emilie Pedersen

Billettpris: Vaksne kr 200,
born gratis

Alle hjarteleg velkomne!



Lovsongskveld

i Sund kyrkje
fredag
26. oktober
kl. 19.00

Vi et kveldsmat
saman etterpå!

Alle er velkomne!

Sorggruppe for Sund, Fjell og Øygarden

Kva er ei sorggruppe?

Sorggruppe er eit fellesskap for deg som har mista ein av dine næraste.

Her kan du dela det du ynskjer frå prosessen du står i. Du vil møta menneske i tilsvarende situasjon som deg sjølv. Ein stad der du kan få prata om eiga sorg og sagn og du får lytta til andre si historie.

Vi håpar på å bli 5 til 8 personar som møtes jamt åtte til ti gonger. Det er to leiarar av gruppa. Dei er ikkje profesjonelle behandlarar, men medmenneske som veit ein del om sorg i sin alminnelegheit. Alle som deltar, har teieplikt.

Vi vil starta opp gruppa torsdag
29. november kl 19.00 – 21.30

Ynskjer du informasjon om sorggrupper eller å melde deg på?

Ta kontakt med:

Diakoniarbeidar i Fjell: Ellen Ebbesvik, mobil: 924 42 881

E-post: ellen.ebbesvik@fjell.kommune.no

Diakoniarbeidar i Sund: Hildegunn Børnes Myklebust, mobil: 477 07 698

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Diakoniarbeidar i Øygarden: Bjørg Blom, mobil: 478 16 181

Epost: bjorg.blom@oygarden.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA

Julemesse

på Arbeid og opplæringscenteret i Sund

Torsdag 06. desember 2018
kl. 10.00 – 15.00

(Stad: Arbeid og opplæringscenteret
finn du på nedsida av Aktivitetssenteret.)

Velkomen til julemesse på
Arbeid og opplæringscenteret,
Skogsvåg.

Sal av sjølvlagd produkt
Kafé

Du er velkommen inn også elles i året.
Me held ope for sal kvar dag
mellom kl. 09.00 – 14.00

Vipps og kontant betaling.

VELKOMEN

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:

hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-
kontor: **56 31 90 80**

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-lydane i Sund. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



**Sund
Bok**



Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG

TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Døpte

09.09 Kausland kyrkje
Kasper Kallestad-Sætre
Kristina Fjell Hagen

16.09 Sund kyrkje
Theodor Vågen

23.09 Kausland kyrkje
Frida Toft Torbjørnsen

30.09 Sund kyrkje
Aksel Elias Guddal

14.10 Sund kyrkje
Maya Økland Samland
Ludvig Økland Samland

Gravlagde

18.09 Kausland kyrkje
Kari Erstad Knutsen, f. 1951

11.10 Kausland kyrkje
Olav Magnar Hammersland,
f. 1939

16.10 Sund kyrkje
Audun Terje Hernar, f. 1949



Takk

En varm takk til alle dere som har støttet oss i den tunge tiden ved vår kjære **Sverre Forland** sin bortgang.

Takk til Polden, Kjell-Asle Børnes og Vivian Steinsland.

Takk for pengegaver til LHL.

Helsing Borgny m/familie

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døpte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret i Sund

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00

Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord: 56 31 90 80

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkekarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkekarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjevevjerje

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80
kontorleiar

E-post: tove.solvang@sund.kommune.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor

E-post: irina_piano_84@mail.ru

irina.piano.84@gmail.com

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusoplærer

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkekarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950

Misjonsalliansen sitt arbeid



Vatn & Sanitær

I 2018 får meir enn 15000 menneske tilgang på reint vatn på grunn av Misjonsalliansen sine prosjekt.

Vi var nettopp no i august på besøk i ein landsby som heiter Jehjeh og ligg i Margibi coynty - ca 1,5t frå Monrovia. Her bur det 275 menneske. Her fekk vi høyre at berre for eit par månader sidan døde ei bestemor og eit lite barn i denne landsbyen grunna ureint drikkevatt. Vi var nede og såg på vasskjelda, og dette vatnet var skikkeleg guffent! Det var heilt kvitaktig og såg ikkje reint ut i det heile – ingen av oss hadde tenkt tanken på å drikke dette vatnet! Vi fekk høyre at nesten kvar regntid mista dei nokon i landsbyen fordi vatnet blir dårleg av ei åme som fell i vatnet og råtnar på denne årstida.

No får landsbyen sin første brønn med reint drikkevatt gjennom Misjonsalliansen sitt prosjekt. Om eit par veker vil alt vere ferdig, og det var skikkeleg glede i landsbyen over å bli prioritert til reint drikkevatt. Takksemda i landsbyen var til å ta og føle på!

Ein helseklinikk kalla Slogum Mission clinic får ny brønn i løpet av få veker. Den ligg i Margibi county. Helseklubben har vore utan tilgang på reint vatn i fleire år etter at den gamle brønnen blei øydelagd og var ubrukeleg. Over 40%

av helseklinikane i Liberia er utan tilfredsstillande infrastruktur innan område vatn, sanitær og elektrisitet – og husk at tilfredsstillande er LANGT frå den standarden vi forventar!

For å illustrere at ein også møter på vanskar:

I ein landsby kalla Fellen-ta prøver MA å skaffe vatn til dei over 265 innbyggjarane som bur der. Til no er det handgrave 3 gonger ned til omtrent 30 fot (nesten 10m), men ein har truffe på fjell som ikkje kan forse-rast, og ein har ikkje truffe vass-speilet. På 4. forsøket traff ein vass-speilet, men problemet var at for å nå denne brønnen må kvinner og barn som hentar vatn gå fleire hundre meter, og dei må forsere eit sumpområde som under regntida over-svømmer vegen dei må gå. Vatnet vil då dekke nesten 50m av vegen og kan på det lavaste punktet av vegen bli ganske djupt. Dette gir farlege situasjonar for spesielt borna. Ferdigstilling av denne brønnen er derfor sett litt på vent. No skal ein gjere eit siste forsøk på å grave ein ny stad. Går ikkje det, er det uvisst kva neste steg blir. Ei moglegheit er å gi innbyggjarane ei filterløyning for å reinse vatnet, men dette er ikkje særleg haldbart i lengda. Vi ber om at siste forsøk på å finne vatn lukkast for innbyggjarane her!

Meir om Misjonsalliansen sitt arbeid

Helse & Ernæring

Zebay helseklinikk blei ferdigstilt og innvidd i vår. Denne klubben har gjennomgått ei utviding og totalre-novering. Dette er ein klinikk som tar imot mange fødande kvinner frå omkringliggjande landsbyar og nokon må gå fleire timar for å kome til klubben. Det er derfor mogleg for dei kvinnene som bur lengst unna å kome til klubben eit par veker før forventa fødsel og bu dei siste vekene i ein eigen mødreheim for gravide. Då slepp dei ein slitsam tur på motorsykkel på dårlege vegar etter at fødselen har starta. Kvinnene har fått nytt toalettanlegg på mødrehei-men og sjølve klubben er utvida. Tidlegare var det berre ei veldig trang fødestove med svært dårlege arbeidstilhøve for jordmødrene. Var det fleire fødslar på gang på ein gong var det å ta golvet til hjelp. No er fødestova betydeleg utvida, og det er eit ege rom å flytte inn på like etter fødselen. Skulle fleire vere i fødsel på ein gong, er det rom og seng for desse. Konsultasjonsrom, medisiner-rom, lager og bad og kontor er det også blitt plass til. Rennande vatn var ikkje tilgjengeleg på klubben tidlegare. No gjer ein vassstank på taket dette mogleg.

Så snart regntida er over og vegane blir framkomelege, blir det innviing av endå ein ny klinikk. Klubben er ferdig til å overleverast til det offentlege, men dette kan ikkje skje før det har vore ein formell overtakingsseremoni. Dette var planlagt til midten av juni, men grunna mykje regn tidleg i regntida kunne ikkje dette skje. Vegen til dette området blir nærmast utilgjengeleg med djupe gjørmehol der lastebilar set seg fast, og sist regntid var vegen stengt i fleire veker i strekk grunna dette. Så snart vegane tørkar opp i oktober/november skal vi opne klubben. Det vil bety mykje for helsesituasjonen for dei omlag 10 000 menneska i området.

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 50

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 28. november